



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinkalling

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre

Møtestad: Teams

Dato: 03.09.2024

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Møtet vert på Teams frå kl 09.00

Halvor Røssum frå Statsforvalteren i Vestland vert med i møtet frå starten av og orienterer om status i prosessen for eventuell nasjonalparkstatus fpr Ålfotbreen.

Om lag kl 09.30 vert det ei orientering frå Dag Eliassen i Flora turlag om bygginga av sikringshytte ved Gjegnabu.

Frå om lag kl 10.00 held vi fram med dei resterande styresakene.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 13/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/24	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 5/24	Statsforvaltaren orienterer om arbeidet med eventuell nasjonalparkstatus		
RS 6/24	Flora turlag orienterer om arbeidet med bygging av sikringshytte ved Gjegnabu		
RS 7/24	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2024		2019/10793
RS 8/24	Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak - styremøte 3/2024		2019/4056
ST 15/24	Ålfotbreen verneområdestyre - Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag på høyring		2019/7672
ST 16/24	Eventuelt		

ST 13/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

ST 14/24 Val av styremedlem som skal signere protokoll

RS 5/24 Statsforvaltaren orienterer om arbeidet med eventuell nasjonalparkstatus

RS 6/24 Flora turlag orienterer om arbeidet med bygging av sikringshytte ved Gjegnabu



Arkivsaksnr: 2019/10793-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 27.08.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	7/24	03.09.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tar orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Bygging av ny bremålingshytte

SFE si bygging av ny bremålingshytte går sin gang. I starten av juli fekk dei løyve til helikopterlandingar i samband med bygginga, med delegert mynde.

Bygging av sikringshytte ved Gjengabu

Flora turlag fekk i starten av juli løyve til helikopterlandingar i samband med bygginga. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Dårleg ver har forseinka bygginga. Flora turlag vil orientere om dette i møtet.

Økonomi

Verneområdestyret har kr 120.000 i driftsbudsjett for 2024. Til no er det brukt kr 64.610.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 27.08.2024

Utvål	Utvälssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	8/24	03.09.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak - styremøte 3/2024

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tar orienteringa til vitande

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Status over tiltak og tiltaksmidlar i Ålfotbreen 2024

Status

Ålfotbreen verneområdestyre har i 2024 fått tildelt kr 200.000 til tiltak. Midlane vart fordelt på styremøte 1/2024. I tillegg har verneområdestyret kr 50.000 i driftsmidlar.

Ruste opp bru ved Grøndalsstøylen

I starten av juli var forvaltar og naturoppsyn i Grøndalen og gjorde ein del arbeid på henge bruva ved Grøndalsstøylen. Det vi gjorde var i korte trekk å:

- Forsterke innfestinga av dei berande wire'anane
- Strame opp bruva
- Lage betre inngang til bruva på vestsida
- Bygge trapp opp til bruva på austsida
- Legge breiare dekke på bruva

Arbeidet gjekk kjapt og godt utan særlege vanskar. Vi fekk leige hytta ved støylen og bruke helikopter til transport av material og utstyr.

Reparere bruva ved Skarrevatnet

Arbeidet er planlagt utført 11.-12.september. Arbeidet er ferdig planlagt, vi har ordna løyve til helikopterlandning og tinga helikopter. Martin Mettenes (grunneigar) har tinga Gullsmedhytta.



Parkeringsplass i Grøndalen

Gravdal Skog og Hageservice har fått i oppdrag å avgrense avkøyrsle med kantstein, for å oppfylle krav fra fylkeskommunen. Dei har samstundes fått i oppdrag å reparere parkeringsplassen etter naturskade i vinter. Arbeidet med avkøyrsle vart betalt i fjor, medan reperasjon av naturskade må gå på årets midlar. Det er enno uvisst kva dette vil koste.

Merking og rydding av stiar

Ein gjeng med ungdomar har teke på seg arbeidet med rydding og merking av stiar i Grøndalen og Svartedalen. Dei får støtte av grunneigar og turlag. Oppdraget går gjennom eit firma i Nordalsfjorden. Det er sett av totalt 50.000 til arbeidet.

Informasjonsskilt

Her er det ikkje gjort noko konkret. Tiltaket blir i praksis brukt som salderingspost med tanke på naturskade i Grøndalen og reperasjon av bru ved Skarvevatnet. Om her vert midlar til overs, kan vi jobbe med oppsetting av eit informasjonsskilt utover hausten. Vi har ei skilplate på lager.

Tiltaksmidlane

Til no er det brukt om lag 35.000 av tildelinga, til arbeidet ved Grøndalsstøylen. Dei fleste utgiftene kjem frå no og utover.



Arkivsaksnr: 2019/7672-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 26.08.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	15/24	03.09.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag på høyring

Innstilling frå forvaltar

Styret diskuterer framlegget og formulerer eventuell fråsegn i møtet.

Saksopplysningar

Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til ny Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag ut på høyring med høyringsfrist 15.september 2024. Forslaget bygger på *Motorferdsellovutvalgets utredning NOU 2024:1*

Lovforslaget og utgreiinga ligg tilgjengeleg her:

[Høring - NOU 2024: 10 Ny motorferdsellov - regjeringen.no](#)

Vurdering

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova) er ei viktig og mykje brukt lov når det gjeld forvaltning av utmark i Noreg. Bruken av motorferdsel i utmark er omfattande, aukande og gjeld alle landets kommunar i større eller mindre grad. Motorferdsel i utmark skapar og eit særstort engasjement. Det er derfor ei stor og viktig lov for mange.

Det er kommunane og til dels Statsforvaltaren som handterer lova og som kan gjere dei ulike vedtaka i tråd med lova. Det var slik i den gamle lova og det er føresleger vidareført i den nye.

Verneområde- og nasjonalparkstyra handterer denne lova i mindre grad. De vurderer motorferdselsakene i tråd med reglane for motorferdsel i dei enkelte verneforskriftene for kvar verneområde. Motorferdselsaker innanfor verna område skal handsamast etter begge desse regelverka, og motorferdsellova får derfor ein viss indirekte verknad. Her er og ein del definisjonar og retningslinjer som er naturleg å sjå til i verneområdestyret si handsaming av saker.



Hovudprinsippa i den nye lova er lik som i den gamle. Den slår fast at motorferdsel i utmark og vassdrag i utgangspunktet er forbode. Men so er det opne for at nokre former for motorferdsel har generell dispensasjon, noko motorferdsel kan tillatast gjennom vedtekne planar, og noko motorferdsel kan få dispensasjon etter søknad til kommunen. Det er bra at desse prinsippa er vidareført, og dei er dei same som reglane om motorferdsel i verneforskrifta til Ålfotbreen.

I den gamle lova var det fleire runde og uklare formuleringar. Dei fleste sakene som kommunane handsamar, vert vurdert etter den eksisterande § 6, som opnar for å gje løyve til motorferdsel «*når særlege grunner foreligger*». Det ver då veldig opp til den enkelte kommune og sakshandsamar å definere kva som er særlege grunnar. I det nye lovforslaget er det vesentleg meir detaljert, og det er definert i ei rekke paragrafar kva slags føremål og aktivitet ein kan gje løyve til. Det er ei god endring, som truleg vil føre til ei meir heilskapleg forvaltning.

I den nye lovforslaga er det bygd opp slik at motorferdsel i utmark som sagt i utgangspunktet er forbode. So er det eit kapittel med reglar for motorferdsel som har generell dispensasjon, som til dømes redningstenesta. So kjem eit kapittel med reglar for motorferdsel som kommunen kan opne for i plan, som til dømes område for køyreopplæring. So kjem eit kapittel med reglar for aktivitet der kommunen kan gje dispensasjon, til dømes til transport av material til byggearbeid.

Dette er ein oversiktleg og logisk oppbygging som er ganske grei å finne fram i.

Andre merknader:

- Forslaget opnar ikkje for meir motorferdsel til reine fritidsføremål.
- I lovforslaget er det sterkare verkemiddel for å skjerme sårbar natur, som til dømes yngle- og hekkeområde. Det er og positivt og eit godt signal.
- Lovforslaget opnar for motorferdsel for funskjonsnedsette i rullestol eller liknande, so lenge køyretøyet er konstruert for å kompensere for funskjonsnedsettinga.
- I lovforslaget vert det slått fast at helikopterfrakt med lang line og underhengande last er å rekne som landing. Det er ei presisering og skjerping frå dagens gjeldande rettspraksis.

Oppsummering

Forvaltar si vurdering er at det nye forslaget er ei forbetring av dagens motorferdsellov, og at her er mykje bra i forslaget. Eg har ikkje oppdaga nokon endringar eller reglar som verneområdestyret bør gå i mot.

ST 16/24 Eventuelt